

## Kommunereform og identitetsmarkørar

Seminaret «Kommunereform og demokrati»

Fylkesmannen i Rogaland

Clarion Hotel Energy, 28. oktober 2015

Kjære godtfolk!

Eg har forstått det slik, at er me på seminar om kommunereform, skal me snakka om Sandnes. Litt over halvparten av rogalendingane meiner at det er greitt at kommunen dei bur i, vert slått saman med ein eller fleire av nabokommunane. 34 prosent er imot. Sandnesbuen tenker annleis. 2/3 av dei som har teke standpunkt, vil ikkje lika at kommunen skulle gå saman med Stavanger, Sola og Randaberg. Det er (Stavanger Aftenblad 25.08.2015).

Frå mi fyrste tid i Rogaland, då motorvegen sette oss av ved Lura, feste Sandnes seg i meg som det biletet eg fekk av byen ved å køyra Strandgata på veg mot mål langer sør eller aust i landet. Eg har kjent spørsmålet trengja seg fram. Kunne vilje til sverdslag for denne byen vera anna enn agg til ein granne med oppblåst ego. Også sandnesbuen har høyrt stavangerfolks begeistra forteljing om skifte i seiemåte – frå «gjør det någe»? til «var det någe»! Korkje gaukane eller andre finn i alle samanhengar byte av stavangersk sjølvforståing like sjærmerande som det tykkjest lyda for siddisane.

Så har eg med tida forstått at det meir Langgata enn Strandgata sandnesbuen feirar. Det skjer eitkvar i vårt blikk når me byter ut Kvadrat med Sandvedparken Kulturhuset som vesentlege identitetsmarkør i byens merkevarebygging. På sundagsturane mellom Bjørndalsfjellet, Fjogstadnuten og Resasteinen kjenner eg meininga i å snakka om «Sandnesmarkå i våre hjerter».

Men like fullt, om me, med all respekt, vil reflektera over kor stor kraft det er i sjølve viljen til å byggja ei identitetseining ut av eit etter måten skrantande grunnlag, er Sandnes truleg fylkets beste eksemplmateriale. Snarare enn å visa dårleg skjult undring – på og mellom linene – lyttar og refererer eg med tilsluttande interesse når Stanley Wirak fortel at «dette handler ikke om negative følelser for Stavanger, men om stolthet til sin egen by... 90 prosent av innbyggerne i Sandnes har sagt nei til Stavanger, fordi de er opptatt av sin egen by og sin egen identitet» (Aftenbladet 27.06.2015).

I arbeidet med å byggja seg opp som ei merkevare nystar byar og bygder opp trådar gjennom lange tider. «Soga,» meinte Arne Bjørndal, leiar av Nord- og Midhordland Sogelag for hundre år sidan, «Soga er saltet og sevja som kvart sjølvstendigt og sjølvbyrgt folk må friska seg på».

Det gjeld så mykje å feira ei stolt soge kring markante historiske hendingar og institusjonar. Sverd i fjell, ein mellomalderkatedral, eit sogenespel gjer seg.

Kva har Sandnes å visa til av historiske identitetsmarkørar? Jau, gauken sjølvsagt; brakt der til av hardingen Simon Asbjørnsen frå Hustveit (Slekt med Siri Hustveit?). Men dagens Sandnes er verkeleg ein underleg ung by. Fram til for femti år sidan var Sandnes eit ladested, i areal to gonger Mosvatnet i Stavanger. 302 km<sup>2</sup> av dagens Sandnes på 303 km<sup>2</sup> var Høle, Høyland, og del av Hetland kommunar. Høyland hadde 18 000 innbyggjarar; Sandnes 4000. Det var på tale å plassera Sandnes i kategorien landkommunar.

Frå 1994 har det flytta 60 000 personar til byen frå andre delar av landet. 13 000 personar frå utlandet dei siste 15 åra. Innanlands flytting dei siste 20 åra og innvandring dei siste 15 har ført like mange personar til Sandnes som det i dag bur i byen, 75 000. Ein overveldande stor del av dagens Sandnes-innbyggjarar har så knappe tidsrelasjonar til byen at det berre i måteleg grad gir god mening å rekne dei som gjennomsausa gaukar. Godt over 90 prosent av innbyggjarane bur i område som langt inn i manns minne hørde til kommunane Høyland, Høle og Hetland.

Sandnesfolk er for ein stor del sandnesbuar på deltid. Nær halvparten, 46 prosent, av dei yrkesaktive har sin arbeidsplass i ein av nabokommunane, hovudsakleg i Stavanger. Kollagafellesskap og andre jobbrelasjonar det vert referert frå ved middagsbordet på Håbafjell og i Håholen, på Soma og Stokkeland, gjeld erfaringar frå landskap og lokalitetar, folk og faktar i andre kommunar. Det er slike som desse me hører seia at «me har budd i Stavanger frå 1997. Fyrst leigde me i Tananger i 12 år, før me kjøpte hus på Bogafjell, der me bur no.»

Så melder spørsmålet seg: Kvar hentar Sandnes all denne krafta til sjølvrespekt, så mykje patriotisme, og ubøyteleg vilje til sjølvråding frå? Korleis kan det verta slik at denne nyss utsprungne byen, med bymurar gjennomhola av arbeids- og fritidsreiser, maktar å mobilisera så mykje vilje til stolt sjølvkjensle. Historikarar og sosiologar får grunna meir på dette. Kva svar dei enn måtte koma fram til, så har me i eksempelet Sandnes beint fram å gjera med eit identitetssosiologisk mirakel.

Men me må kunna tru at dei som markerer vilje til vern om dagens grenser, kjenner seg som borgarar også av regionen. For både mange av 65-åringane med heile sitt liv i Høyland, og for 40-åringane som seier dei har flytta til Stavanger, med bustad på Stangeland og jobb på Ullandhaug, ville det vore ei større sak om Viking rykte ned enn det kjendest då det gjekk den vegen med Sandnes ULF.

Og mon tru om sandnesfolk kjenner den grensa dei uttrykker så stor vilje til å forsvara? Me kan sjå for oss at Sagen Helgø og Wirak kallar ut sine borgarar til tautrekking i vennleg 17.

mai-tevling. «Møt ved kommunegrensa kl. 12!» er parolen. Formannskapet på begge sider hadde hatt si fulle hyre resten av dagen med å samla saman alle sine troppar som famla rundt i uvissa om kvar dei skulla stille til dyst. Dét er noko av det gjeve med denne kjensla det er å høyra til – at også den som ikkje kjenner kvar ho går, hevar lansen for å verna om si grense. I denne prosessen får nokon kvar av oss sine overraskingar; erfaringar me skal ta på alvor i forvaltningslæra. Sandnes illustrerer og utdjupar det vi kjenner av stedsidentitetens ubestemmelege vesen.

Etnofolkloristane ved universitetet i Lund ville gjerne få meir kunnskap om fenomenet stedsidentitet. Kva er det som gir kjensla av å høyre til ein stad; heimstadkjærleiken (og heimstadhatet). Ein ville ha svar på vesentlege spørsmål som om heimbygda

- er geografisk eintydig?
- er ho opplevd likt av alle, positivt eller negativt?
- let ho seg byte ut gjennom eit livsløp?
- let ho seg konstruere i vaksen alder?
- er heimbygd eitkvart ein kan ha fleire av?

Det viste seg at den vesentlege, men ganske ubestemmelege kjensla av å høyra til saknar verbalitet. Den var vanskeleg å setja ord på for både intervjuarar og informantar. Romleg identitet, stedskjensler, synes å byggja seg ut av hendingar, lukt, smak og lyd (Salomonsson 1996:17).

I min nye ham som Sandnes-fan har eg freista fresha opp byens renommé med å ta dykk med frå Strandgata på sitt mest miserable til ein nystelt Sandvedpark. Eg kunne formant dykk: Dra ikkje inn lukta i Vågen. Søk angen av lyngen i Tyttebærdalen på veg til Mattirudlå! Så er det noko misvisande ved slike sminkingsråd. Den sanne kjærleiken gjer den me elskar vakker – kor ho ser ut.

Arne Garborg undra seg over kunstmålarane som kom til Jæren fordi det skulle vera så vakkert der. *"Andre stader kan vere vene. Dette kan vere vent eller stygt. Men det er mitt. Desse heidane og myrane med fjelli i aust og havet i vest, det er det einaste av land som rett kjem meg ved i denne verdi."*<sup>i</sup>

På nyåret 1929 legg Rudolph Nilsen ut på ei reise til Spania og Frankrike. Kvelden før han tek i veg, går han ned til Nybrua for å seia adjø til bjørketrea ved Gassverktomta, i byens mest skitne gate. Her hadde han funne ei trøyst og ei støtte så heile hans ungdom var eitt med bjørkene;

*«I står her i vårlig skjelven*

*og ånder det sorte støv ...*

*På gjensyn, min ungdoms bjerker,  
på gjensyn min sorte by!»*

Så veit me at det var hans siste møte med bjørkene under Gassverkstøvet, Rudolph Nilsen døydde av tuberkolose i Paris i april denne våren, 28 år gamal. Han rakk å minna oss om at det er eitkvart kring oss som vinn den einskilde ved noko anna enn at det er vakkert. Hentar me inn nemninga ‘patriotisme’ i desse refleksjonane, vert alle kommunar for bleike identitetseiningar å rekne. Då er det nasjonen, landet, ved somme høve staten, som tel. Patriotisme har fedrelandskjærleik som hovudtyding. Metaforen fedrelandet viser til sjølve fedrearven. Viljen til å late livet for landet – «om så det trengst» - har vore ein del av margen i det å vekse opp som mann. Jentene kjem med.

Naboskap og bygd let seg mobilisera i einskildsaker – for ballbinge, mot nedlegging av skulen. Men det er staten vi sverger truskap til. 17. mai har karakter av ein bydels- og grendafest. Men denne dagen er tun, torg og gater framom alt rom for feiringa av nasjon og land. Barna svingar flagga mest ivrig og ropar høgast hurra for Eidsvoll og konge. Ordføraren kjenner dei snautt namnet på. Før dagen er forbi har små og store nylært fleire vers av nasjonalsongane. By- og bygdasongen har dei fleste snautt høyrt.

Skulen har hatt eit oppdrag om å gjere oss til borgarar av nasjonen og landet. Gausa, Vinstra, Sjoa, Otta. Me fekk ikkje late att landkunneboka med mindre me kunne elvane i Gudbrandsdalen. For dei langt fleste stod det ikkje ei einaste side på pensum om heimekommunen.

I arbeidet med dette avsnittet kom eg i tankar om at eitt og anna i skulen kan ha endra seg på dei nær 60 åra som har gått sidan eg hadde mine første geografitimar. Eg teksta mine tre barnebarn u7nder Løvstakken, på Ny Krohnborg Skule. «Kor er det. Lærer de på skulen om elvane i Gudbrandsdalen?» Eg forstod at dei hadde samsnakkast om eit samlesvar; på eitt ord, med sju spørjeteikn etter: «Gud-brands-dalen ???????». For det eg veit, kan det no vera slik at skulebarn på Vinjar og i Jøsenfjorden risikerer å koma opp til eksamen i Ulla og Førre. Like fullt kjenner eg læraren som for heile si tid lastar seg for at han som studentvikar i truskap til læreboka ikkje veik det minste på kravet om at elevane han hadde i Finnmark skulle lære namnet på alle stasjonane på Holmenkollbanen.

Det er nasjon og land, ikkje kommunar, me feirar med sterke identitetsmarkørar. Om eg spurde: «Korleis ser det svenske, danske og britiske flagget ut?», ville de kunne meine eg heldt dykk for narr. Men det ville ikkje undre meg om fleire her ville kome i villreie om dei skulle teikna kommunevåpenet til dei nærmeste grannekommunane.

Frå tid til anna melder tanken seg om å gjera det regionale nivået sterkare – som identitetseining og forvaltningsnivå. For ti års tid sidan var det snakk om noko nær ei regionsrørsle. Vestlandsrådet vart etablert 1. januar 2003 som eit samarbeidsorgan mellom fire fylke. Fire fylkesordførarar møttest ved samlingssverda. I ordbruk la dei seg nær ein nasjonsbyggande retorikk. Dei viste til eit politisk underlag som føresette at det eksisterer ein særleg vestlands identitet.

Men som det gjeld monarkar, er ikkje regionstoppene alltid heilt ajour med folkelege stemningsdrag. Fylkesordførar i Hordaland skreiv at vi må ”*bygga vår region på dei verdiar som er trygt forankra i den vestlandske sjela (...)* *Her i vest har vi (...)* *ein kulturell arv som bind oss saman. ... Den gode lekemannstradisjonen har kjempa for det gode i kulturen, for det gode i skulen, og for kvardagen til dei som har minst. Vestlendingen har og hatt eit hjertetilhøve til Israel.*” (Torill Selsvold Nyborg i lesarinnlegg i Bergens Tidende, 04.09.04.)

I tale og tekst viste same fylkesordførar til at det bles ein regionalisering vind over landet. Den kjem frå Europa, fer over Skandinavia og har nådd vår vestlandskyst. Vestlandsrådet vedtok å dra på studietur ”*til eit land i Europa som har regionar.*” Når vi snakkar om regionalisering under norske tilhøve, som Vestlandet, Midt-Norge, Austlandet, har vi å gjere med regionar av vesentleg bleikare slag enn nasjonale einingar som Baskerland, Katalonia, Kroatia, Korsika, Wales og Skottland. Dei historiske regionane i Europa kan vi skjöne som interne koloniar (Harvie 1994:4). Walisarane nører sin vilje til å markere nasjonale særdrag frå soga om kong Edvard I av England si erobring av riket i 1282. Nordmenn sørger, i det minste skjemtar, stadig over tapet av Jemtland og Herjedalen ved fredsavtalen i Brömsebro for 370 år sidan. Hjelmelandsbuen har allment gløymt at dei for 50 år sidan tapte eit område av relativt same storleik til Strand; ja, det er så dei snautt hugsar alle øyane Finnøy for med.

Eg sa at me skal ikkje mistru bykjærleiken endå om by- og bygdepatriotane ville ha vanskar med å gå opp kommunegrensa. Men retteleg identitetsgivande kraft føreset romlege grenser. Det gjeld å vite kven vi er – i grensenære møte med dei andre. Norske borgarar prutar korkje på Treriksøysa eller Grense Jakobs Elv. Det var uheldig for bygginga av regional Vi-kjensle at den politikarlanserte Vestlandsregionen baud seg fram som eit plastisk utflytande rom i stadig omforming. Fylkesordførar i Rogaland den aktuelle tida, (Roald G. Bergsaker) meinte at det laut vere ei minimumsløysing å bygge ut Rogaland med kommunar i randsona i Sunnhordland og i Vest-Agder. Fylkesdirektør i Rogaland Fylkeskommune ville ha ein region frå Vest-Agder til Trøndelag. På spørsmål frå Stavanger Aftenblad om det ikkje vert for stort, svarar han at

*"Det kan godt vera. ... Dersom Møre og Romsdal vil vera for seg sjølv, kan det henda dei dreg med seg Sogn og Fjordane. Vil dei ikkje vera med, er det greitt. Også Rogaland og Hordaland vil bli ein knall-region."* (Terje Fatland til Stavanger Aftenblad 15.12.04.)

Land har hovudstader og institusjonar som symboliserer samlande legitim autoritet og makt. Vestlandspolitikarane syntest ikkje berre å mislike sentral statleg styringsmakt. Dei likte heller ikkje samordnande regionsentra. Dei meinte det let seg gjere å byggja ein "hovudlaus" region.. *Skal vi få til en region med legitimitet blant folk i utkantane, må det være likeverd mellom by og bygd*, meinte fylkesvaraordførar for Sogn og fjordane (Tor Bremer). *For folk betyr det ingenting om de blir styrt fra Oslo eller Bergen*. (Bergens Tidende 13.01.05).

Sommaren 2007 forkasta Rogaland fylkesting planane for ein Vestlandsregion. Den såkalla nevrokirugi-saka hadde aleine ei symbolsk kraft sterkt nok til å slå ut regionsbyggingsprosessen. Rogalandspolitikarane avsette så å seia det viktigaste Vestlandsregionale styringsorganet, og ropte på «Kongen i København», in casu helseministeren: «No må statsråden gripe inn!» var kravet frå sentral Stavanger-politikar. Rogalands fylkesordførar trudde «ikkje lenger på Vestlandsregionen,» (Aftenbladet 03.05.07).

Planlagt bygging av overindividuelle identitetar som er meint å gi rammer for og kraft til handlingssterke fellesskap kan jamt visa seg å verta bleike prosjekt som fislar ut i ganske lite. Hausten 2006 vart det lansert tre bind Vestlands-soge. Initiativet kom frå politikarar og næringslivsleiarar som ville få dokumentert eit historisk grunnlag for å byggja Vestlandsregionen. I det 25 fagpersonar gjekk til skrivestovene, vart ei av medredaktørane, historikaren Anna Elisa Tryti, intervjuav Dag og Tid. På 1800-talet bygde historikarane nasjonen, fortalte Tryti. No skulle dei bygge regionen. Sogeskrivarane fann lite av sams vestlandske historiske røter. For eigen del kunne eg i kapittelet om Vestlandet i samtid konkludera med at meir enn noko var det ei samlande kappe av naturens lynne som gav oss denne gjenjennelege kjensla å høyra til i same strok av landet - dette uutslettelege vestlandske – ved fjorden, fjella, fonna, denne rufsete bordkledningen, bylgjene, båten og over det heile dette endelause ustoppelege regnet. Også BT-journalistane Jarle Holmelig og Asbjørn Kristoffersen, som alle vestlendingar, har sett og kjent det:

*Denne sugande grønska mellom gråstein og blåmyr. Sommarbeitet som et seg inn i snøfennene, blomen som brest i blanke berget. Alt dette som ikkje toler tørke. ... Kor skulle elles grønfargane koma frå...? Kor skulle blåfargane koma frå? ... Gjorde somrane seg husvarme i vestlandsfjordane, ville fossane tagna og bekkane turka og graset gulna.*

*Når du står på eit ferjedekk på Vestlandet, er det hopehavet mellom Vårherre og vestlending ar som bergtek deg. Gråe hus i himmelsynet, grøne åkerlappar mellom steinrøysene, rosa frukthagar under breane, kvite kaksekassar på det yttarste, nakne skjer, brune fabrikkar i brattaste hengen. Det er der vi har røtene våre. Vi har ein gong klora oss fast.<sup>ii</sup>*

Nordfylkingane og hordalendingane kjenner seg meir igjen i desse bileta enn det gjeld for jærbuen. Men skal tru om det ikkje er noko også jærfolket har sams i «ei sju mil lang låg sandstrand, ... og i sjølve havet. ... Svartgrønt og salt, ... veldig ... veltande inn or dei vestlege himlar.» Garborg opnar Fred med ei sanning eg vil tru jærbuen kjenner i seg, innomhuds, om «eit armt, grått land med lystbrune bakkar og bleike myrar, oversådd med kampestein, trelaust og bert; ... ei einsleg tjørn, ..., eller eit stort, stilt vatn.» (Garborg: Fred).

Det er greitt å vita ved kva bekk eller ås i terrenget eine bygningsrådets ansvar sluttar og det neste tek over. Det er hensiktsmessig med kommunegrenser. Men sjølve begivenheten er stedet. bygda, bydelen, ja heile byen.

Bergen er ein begivenhet, eit storhende. Ved eit høve hamna eg i eit sølvbryllaupslag i det bergenske borgarskap; (ein smule malplassert har de lov å meina). Men i sanning var det både strålende kjekt, og eit flott observasjonsfelt. Etter modell frå den europeiske mellomalderbyen skil enkelte sosiale lag i Bergen därleg mellom offentleg og privat rom. Mitt kalas tok til med champagne på Torgalmenningen. Etter ein feiande rundtur til særleg identitetsgivande stader i byen, var det selskap i private stover. For høvet var det sett saman eit rikt songhefte. Akkurat halvparten av songane feira sølvbryllaupsparet. Dei andre songane var med for å hylla byen. Endå til i Sandnes vil eg tru det går lang tid mellom kvar gong Sandnes songen står på repertoaret i godt bryllaupslag.

Like frå mellomalderen var Bergen ein europeisk kulturby heilt ulik bygdene ikring. Bergens omland var ikkje byens oppland. Bergens oppland var væreigarane i Nord-Norge og handelshusa i Europa. Med rette persontypen under kjedet, kler det Bergens sjølvforståing å ha ein borgarmester.

Ein særskilt bergensk identitetsmarkør ligg i språket. "I Bergen rådde Afstængelse, ikkje integrasjon," skreiv folkelivsgranskaren Eilert Sundt (Bjørgo 2006:23). Bileta av fiskehandelen inst i Vågen sist på 1800-talet, viser demarkasjonslinja mellom bykultur og strilekultur. Amalie Skram tek oss med til dette møtet der Hellemyrsbonden Sjur Gabriel, hans alkoholiserte Oline, og sonen Jens kjem for å selje fredagens fiskefangst (Bjørgo 2006:23). Ikkje så lite gjensidig forakt kledde seg i høvesvis bryspråket og strilamålet. Replikkane spissaq identitetsgrensene. De hugsar bypika som skjeller ut Sjur fordi han ikkje

straks seier kva han skal ha for ein lyr: Strilestamp, Strilegap. Ho bøyer seg over rekkverket på bryggekanten og slår med soplimen: Strilestadbeis! Og får svar: «Du kan sjølv vera stril, di byslaska! Me er ikkje stril, me er nor ifrå Hedlå!»

Dei gjævaste blåturane i Bergen går med Statsråd Lehmkuhl til Fanafjorden og Lysøen. Bergen Storband gir gjerne fest på dekk. I det den staslege barken sig inn på Vågen ved turens slutt, stiller bergensarane seg med handa mot hjarta vendt mot Ulriken og syng Nystemten, gjerne alle ni versa.

Først den dagen Lifjell har fått eit tilsvarande frodig felt av metropolbyggande konnotasjonar som det Ulriken og Lyder Horn har i Bergen, kan Sandnes tilsvarande trygt kvile i posisjonen som autonom byeining.

Samanlikna med nær halvparten av sandnesfolk er det berre 5 prosent av bergensarane som har arbeidsplass i ein av nabokommunane. Det gjer sitt til at folk i Bergen i alt og eitt er så gjennombarka bergensarar.

Korleis gjekk det då ein i førre runden bar rundt på kommunale skiftesteinar og rørde ved folks romlege identifikasjonar? 15-åringane i 1965 er no 65. Dei minnest Per Borten som nyvald statsminister, Kjersti Sparboes «Karusell» med eitt poeng i Melodi Grand Prix. Kan hende har somme i minne Rolling Stones-konserten på Sjølyst. Gir me dei små hint, kjem dagens 65-åringar i hug nasjonale og globale hendingar 50 år attende i tid. Slik er det med dei halvgamle også i Tysvær og Suldal. Det er berre snautt at dei minnest fyrste ordførarane i dei to storkommunane, endå til det var staute karar som Lars Mogstad og Karl Helgaland.

Kommunereforma, med nye kommuneeiningar frå 1965, var førebudd av Schei komiteen. Gjennom 18 år kom fylkesmann Nikolai Schei og hans folk med sine framlegg, i alt 18 bind. Frå landet rundt kom det innvendingar. For ein stor del overhøyrd Stortinget reservasjonane mot grenseskifte og samanslåingar. Stort sett gjekk det heile seg til ganske fort.

Komiteen og fylkesutvalet gjekk inn for at heile Åmøy skulle bli ein del av felleskommunen Rennesøy – Mosterøy. Ei slik ordning var grei for Stavanger. Korkje Vestre Åmøy eller Mosterøy ville bli kommune saman med Rennesøy. 52 av 54 røysteføre på Vestre Åmøy og 78 prosent av dei vaksne innbyggjarane på Mosterøy ville så mykje heller verta ein del av Stavanger. Som vi veit, slo ikkje slik naboskepsis gjennom i Stortinget.

Austre Åmøy vekta sine argument annleis. Der teikna dei eit meir emosjonelt farga kommunekart. Innbyggjarane baud til seg Kommunalkomiteen i kapellet på øya. Alfred Lunde, organist i Hetlandskyrkja, førde ordet. Han la vekt på at bygdafolket på Austre ikkje først og fremst var ute etter den kommuneordninga som var mest hensiktsmessige i eit forvaltnings-byråkratisk perspektiv. Austre Åmøy hadde eit identitetsberande fellesskap med

Hetland, og ville fylgja resten av det me no kallar byøyane inn i Stavanger. Lunde fortalte Kommunalkomiteen at kvar 17. mai gjekk folket på Austre Åmøy samla opp på høgaste åsen på øya for å kunne høyra lyden frå feiringa i Stavanger. Me må kunna tru at det var i den stunda komiteen kasta om på sitt førebelse standpunkt. Slaget var vunne. I god stemning avslutta Lunde møtet med å spela preludium i F-dur av Johan Sebastian Bach. Stortingets Kommunalkomite hadde forstått at her gjaldt det andre former for rasjonalitet enn dei ein reknar med i statsrådars og rådmenns kalkylar for robuste kommunar.

Om vi ser vidare rundt i fylket enn til Austre Åmøy, viser materialet frå 1965 at kommunale grenseskifte i det alt vesentlege rører ved lite anna enn forvaltingas funksjonalitet og i nokon grad med lokale styringsorgans legitimitet. Nokre få stader sette bygdepatriotismen seg fast i styringa av dei nye kommunane. Også i år stiller Nærbø bygdeliste. I 1987, vel 20 år etter at kommunane Ogna, Varhaug og Nærbø skulle vere å rekna for ein kommune, stilte Hå med 13 lister – av dei to Nærbølistar, to Vigrestadlistar, ei Varhaug-liste og ei Ogna-liste.

Nærbørepresentantane let seg ikkje fotografere saman med dei andre, og takka nei til felles julegraut. (Stavanger Aftenblad 20.01.2015.) **Semihemmelighet: Kommunalkomiteen til Hå.** (Jonas Skrettingland er ikkje min Hå-informant!)

Endå til inn i 1990-åra var det bygdelag i Vindafjord som ikkje på skikkeleg rekna kommunestyret som eit legitimt styringsorgan. Skjold kyrkje vart sett fyr på i 1991. Mykje av tida fram til ny kyrkje stod ferdig i 1998 var det strid om både form og plassering. Ei av dei mest engasjerte gruppene laga folkeavstemming. Avstemminga vart boikotta av motparten. Deltakinga var svært låg. Initiativtakarane fekk høyra at ei boikotta folkeavstemming med låg deltaking var verdilaus som folkeytring. Dei ringde til høgskulen for å få støtte på at ei slik folkerøysting i alle fall måtte vege tungt. Eg er jo eit forståelsesfullt menneske, og sentralbordet sette telefonen over til meg. Men med all min godvilje kunne eg vanskeleg svara annleis enn at me laut rekna meiningsmålinga for å vera havaret. Dessutan meinte eg å ha lese i avisat at kommunestyret alt hadde gjort tomteval og slutta seg til arkitekten si foreslårte form. «Ja», svara han som ringde, «det har dei gjort. Men i kommunestyret set det jo folk frå Vats og Sandeid, ja, heilt innante Vikedal og Imsland. Det skulle teke seg ut - at kommunestyret skulle få bestemma i kyrkjesaker i Skjold.»

Norske kommunar er i gjeldande format 50 år gamle. Det hender at også personar ordnar seg med nye relasjonar i den alderen. Dei lagar seg meir robuste alliansar, ville kanskje Sanner sagt. Det er fleire måtar å organisere slike personfusjonar på i godt vaksen alder. Som særbu kan dei etablere interhushalds-samarbeid. Med ei anna løysing kan den eine flytte inn hjå den andre.

Alternativt til både desse formene kan dei flytte saman i eit nyetablert hushald. Eg skal ikkje kasta meg opp til å vere samlivsrådgivar, korkje på par- eller kommunenivå. Men eg prøver den tanken at det kan gå betre om dei flyttar saman, møtest og byggjer det nye, enn om den eine flyttar inn til den andre. Det sit lag på lag av strukturell makt i veggene. Den som flyttar inn og får tildelt ei kvart røyrlengde i klesskåpet og ei nyrydda hylle på badet, vil forbli gjest. Såleis er det truleg meir lagleg om nyetablerande 50-åringar kjøper hus saman, timefester flyttelasset så løftelemmane møtest andføttes.

Det er rettare å sjå det slik at Madla, Hetland og Stavanger flytta saman, enn å snakka om at Madla og Hetland gjekk inn i Stavanger. Særleg Madla kunne visa til eit sterkt bygdefellesskap gjennom lang tid. Like etter krigen hadde kommunen 1800 innbyggjarar. 700 av desse møtte til 40-års festen for Madla Handelslag i 1947. Madla hadde 4500 innbyggjarar i 1960. Hetland snaue 20 000. Stavanger var byen, med 53 000 innbyggjarar. Politikarane i både Madla og Hetland røysta imot å gå saman med Stavanger. Men dei forstod at departement og Storting i så måte kunne koma til å setje til sides lokal vilje. Eitkvart kom til å skje. Det gjaldt å ta styringa. Her skulle ikkje den eine flytta inn hjå den andre. Store og små skulle byggja noko nytt saman. Utover 1960-åra møttest formannskap og etatsleiarar i dei tre kommunane. Lite var bestemt. Heller ikkje kommunenamn. Den nye kommunen kan jo heita noko helt anna enn Stavanger, sa byens ordførar, Jan Johnsen. Slik ei fråsegn var eit tilskot til prosessen som gjekk slik at det ikkje er kjent at nokon busett i Madla- og Hetland-områda har vore inne på tanken om å leite seg fram til, enno mindre revitalisere, dei gamle kommunegrensene. Som kjent kom nye Stavangers første ordførar frå Madla, Arne Rettedal.

Christine Sagen Helgø freistar ta med seg suksessvariablar frå førre runde. «Dette handler ikke om at Stavanger skal vokse, men at vi skal skape noe helt nytt sammen. ... Vi er åpne for å diskutere alt; også hva kommunen skal hete og hvor ordførerens kontor skal ligge» (Aftenbladet 14.08.2015). Stanley Wirak let seg ikkje lokke. «Hva babyen skal hete eller hvor rådhuset skal ligge er helt uinteressant i denne debatten» (Aftenbladet 15.08.2015).

Eg lyttar meg bakover i det eg har sagt. Mest av alt har eg meint eitkvart om at overindividuell sjølvforståing, kollektiv romleg identitet, er noko vågt og vart; rørleg med djupe røter. Menneska flettar band, hører til, skjønar seg i lende og relasjonar. Stedet er ei naudsynt ramme for menneskets liv. «Vivian løftet glasset sitt. «Hva skal vi egentlig med steder? Kan du si meg det?» Jeg satte glasset ned på den seige ølbrikken. De gjør oss hele, sa jeg lavt.» (Halvbroren s. 554). Et sted er ikke ei sted før et menneskehar vært der,» skriv Lars Saabye Christensen i «Halvbroren». «Et menneske er ikke et menneske før det har et sted. ... «Halvbroren». ....

Mennesket føyer seg inn i landskapet. Vi skjørnar oss innbakt i former, stemningar, lyd og lukt. Biletkunstnaren, musikaren, forfattaren har rikare språk for å henta fram identitetsberande stemningar enn samfunnsforskarar har ord for. Claes Gill budde sine første seks år i Odda og Bergen. Seinare lengta han vesterover, søkte arbeid i Stavanger. I samlinga "Ord i jern", 1942, diktar Claes Gill om "Sommeren vesterut".

Jeg vil dra op og gaa, og gaa mot vest  
for sommeren er sval der av linn blæst  
og ingen steder lyser marken grønn

som der. For der er regn og sol, sol og regn,  
og stumme stille fjell og urgraa Stein  
der tiden staar og staar som stod den still fra tidegry

Og der er ørn og hjort og maar,  
og tropelys hvor revebjellen staar  
giftig skjønn. Og hvor er høyet krydret

søtt som der? – Ingen steder! Ingen klang  
av sommersjø og lukt av tang  
som ut i vest – i dønningsus og tidevann.

Eg er ein av dei som for noko tid tilbake gjekk rundt og sa at ein trong ikkje vera mykje til spåmann for å sjå at om få år er kommunekartet kasta heilt om – også for Rogaland sin del. Når bysogeskrivaren Gunnar Roalkvam og eg snakkast, slår me no ikkje like trygt fast at om hundre år vil mykje av Stavangers nyare historie dreia seg om Sandnes. No er det meir sakssvarande å seia at at den er mykje til spåmann som veit korleis dette skal enda. Eg ynskjer lukke til!

---

<sup>i</sup>. Arne Garborg: Knudaheibrev. Samla verk bind 8, Oslo 1982.

<sup>ii</sup> Holmelig, Jarle og Asbjørn Kristoffersen 1996. *Livet ved kysten*. Det Norske Samlaget. Oslo, side 6-9.